



**DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8012 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref
13/2517

Vår ref
13/6652 - TJU

Dato
15.01.2014

Høyring - ny lov om karantene eller saksforbud ved overgang frå politisk stilling i departementa til andre stillingar mv. og forslag til endringar i lov om statens tenestemenn

Vi viser til Fornyings-, administrasjons- og kirke departementets brev 11. oktober 2013.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Høyringsnotatet er svært kort og går i liten grad inn på problemstillingane, utanom å seie kva FAD går inn for. Det er til dømes ikkje gjort greie i punkt 1.2 for grunngjevinga bak vurderingane frå utvalet, kva for høyringsinstansar som har kome med innvendingar mot eller har støtta utkasta frå utvalet, eller kvifor FAD ikkje følgjer opp dei aktuelle framlegga frå utvalet. Ein eventuell proposisjon i saka bør vere grundigare her.

I det følgjande har vi ein del merknader, fyrst og fremst til den meir detaljerte utforminga av lovutkastet.

I tittelen på lova bør det heite «Lov om karantene og saksforbud ...».

Utkasta til andre og tredje ledd i § 2 bør slåast saman til eit felles ledd.

I utkastet til § 3 andre ledd bør det vere tilstrekkeleg å seie at «minst to» medlemmer i Karanteneutvalet skal ha hatt politisk stilling, og det same gjeld for juridisk eksamen eller mastergrad. Dersom det ikkje er meininga å opne for at endå fleire av medlemmene kan ha slik bakgrunn eller kompetanse, noko som til dømes er aktuelt dersom ein

tidlegare politikar sit i utvalet, men òg er jurist, er det tilstrekkeleg at dette kjem tydeleg til uttrykk i førearbeida.

I utkastet til § 5 fjerde ledd kan «kontakt mv.» bytast ut med «aktivitet». Dette omgrepet omfattar meir, og det er då ikkje behov for «mv.» eller liknande.

I samband med utkastet til § 6 andre ledd andre punktum bør det gå tydeleg fram av førearbeida om dei nemnde tilfella er meint som dei mest aktuelle saksforboda, og om det ligg føre andre praktiske døme på aktuelle forbod.

I utkastet til § 8 andre ledd fyrste punktum er det sagt at Karanteneutvalet «om mulig» skal treffe vedtak innan to veker etter at dei har motteke varsel etter § 4». Kva slags kriterium ligg til grunn for vilkåret «om mulig», og kva slags frist gjeld dersom det ikkje er råd å få gjort vedtak innanfor denne tovekersfristen? Dette bør det takast stilling til i ein eventuell proposisjon.

I utkastet til § 8 andre ledd andre punktum er det sagt at Karanteneutvalet kan delegere til sekretariatet å avgjere «kurante saker». Proposisjonen bør seie noko meir om kva slags saker som kan delegerast til sekretariatet.

I § 8 fjerde ledd andre punktum bør det heite at utvalet «kan treffe vedtak» når minst tre medlemmer tek del i avgjerda.

I utkastet til § 8 femte ledd fyrste punktum er det sagt at vedtaket ikkje kan påklagast. Det klare utgangspunktet etter forvaltningslova § 28 fyrste ledd er at det kan klagast over enkeltvedtak, og det bør i proposisjonen grunngjevast tydeleg kvifor det er behov for å fråvike dette.

I utkastet til § 10 fyrste ledd er det slått fast at ein politikar ikkje kan ta til eller gå inn att som departementsråd, ekspedisjonssjef eller kommunikasjonssjef rett etter at han går frå ei politisk stilling. Andre ledd fastset kor lang karantene ein politikar kan påleggjast i slike tilfelle, medan tredje ledd seier at Kongen gje forskrift som fritek eller avgrensar karantenen etter denne paragrafen. Utgangspunktet er såleis at det skal vere karantene i slike saker. Det bør gå fram kven som skal avgjere saker etter § 10.

I iverksetjingsføresegna i § 13 bør det heite at lova tek til å gjelde «fra den tid» Kongen fastset.

I eit lovutkast må det gå fram kvar dei nye føresegnene er meint plassert i den eksisterande lova. Utkastet til nye føresegner i tenestemannslova har ikkje fått paragrafnummer, berre bokstavar, og det er såleis ikkje råd å ta stilling til kvar dei nye føresegnene er meint plassert.

Tilhøvet mellom utkastet til endringar i tenestemannslova og sakshandsamingsreglane i forvaltningslova bør drøftast. No vil det fort kunne bli uklart kva som vil gjelde, særleg sett i lys av forslaga i utkastet til lovregulering av politikarane.

I utkastet til § a i tenestemannslova kan det vere spørsmål om også leiarar for statlege tilsyn er meint å vere omfatta. Slike stillingar er svært viktige, på lik linje med dei som nemnde i utkastet, og det er ikkje naturleg å inkludere statlege tilsyn under omgrepet «direktorat».


I utkastet til § b andre ledd bør det heite:


«En statlig virksomhet kan fastsette karantene eller saksforbud når en tjenestemann vil gå over til stilling, verv eller virksomhet utenfor statsforvaltningen, dersom overgangen kan svekke tilliten til offentlig forvaltning, og tungtveiende hensyn tilsier at karantene eller saksforbud bør fastsettes.» Det bør gå fram av førearbeida kva slags tungtvegande omsyn dette typisk kan vere.

I utkastet til § g bør det i andre punktum fastsetjast ein sakshandsamingsfrist for verksemda når embets- og tenestemenn ber om ei ny vurdering av avgjerd om karantene eller saksforbud.

Det er sagt i høyringsnotatet punkt 2.2.2 at dersom eit departement eller ei anna statleg verksemd ikkje omgjer avgjerda si om karantene eller saksforbud, skal endeleg avgjerd i saka gjerast av Kongen, jf. utkastet til § g tredje punktum, men dette skal delegerast til departementet (FAD, som blir del av det nye Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)). Dersom det er på det reine at det er departementet som skal avgjere slike saker, bør dette gå fram av lova sjølv (likevel slik at ein ikkje i lova sjølv peikar ut kva for eit departement det er tale om). Dersom det er KMD som står fast på den opphavlege avgjerda si, kan det vere vanskeleg å finne ei god løysing.

Med vennleg helsing


for Bente J. Kraugerud
avdelingsdirektør


Toril Juul
seniorrådgjevar